



Gunvald Friheim, uskedelingen som ikkje har skulka eit einaste Kvinnheradløp! (Foto: Ola Matti Mathisen)

I konkurranseklassa i Kvinnheradløpet søndag var det 30 som stilte opp, ein meir enn i fjor, og det var dei dyktige arrangørane i Rosendal Turnlag slett ikkje nøgde med.



Den mangfaldige politikar Øyvind Hardeland muntra opp deltakarane med toraderspel - her for snart 90 år gamle lokalhistorikar Wenche Skaaluren som gjekk heile løypa! Spelemannen er naturleg nok utstyrt med spesialvotter i det sure veret. (Foto: Ola Matti Mathisen) . Og medan det i fjor var fleire deltakarar i denne klassa frå Uskedalen, glimra vårt idrettslag denne gongen med sitt fråver her.



Uskedalen var godt representert også i dette Kvinnheradløpet – her på den luftige saftstasjonen på Skeie. (Foto: Ola Matti Mathisen). Til gjengjeld var uskedelingane som tradisjonen tilseier solid representerte i turklassa utan tidtaking. Der starta det dei første timane såvidt under 500, men etter kvart tok tilstrømminga seg opp og på slutten vart talet justert til 700.

Men likevel viste leiinga til tidlegare Kvinnheradløp med meir enn 900 startande. Dei var glade for at regnet slutta og at det etter kvart seig inn langt fleire trimmarar enn det teikna til å bli frå morgonen av.

Så er det da også ei svært spanande, 9,2 kilometer lang løype, som går lågt og høgt gjennom baronibygda og byr på eit fascinerande tverrsnitt av ho.

Fleire stader har deltakarane eit fantastisk panoramautsyn, ikkje minst under turen over Skeie. Maken til sundagstur skal ein leita lenge etter!

Den uskedeling som i samband med årets Kvinnheradløp fortener å bli trukke fram framfor andre er 72-åringen og eldsjelen Gunvald Friheim, ein av seks som har delteke i samtlige 28 Kvinnheradløp. Og ikkje nok med det: Denne gongen gjekk han runden to gonger – han var med både under skulearrangementet fredag og arrangementet søndag. Dei siste 10 åra har han også stilt opp på arrangørsida.

Denne gongen var Ståle Vange frå Varaldsøy den raskaste i herreklassen medan Marit Årthun frå Matre ikkje uventa vann kvinneklassen.

Av Ola Matti Mathisen



Ståle Vange vann herreklassen. (Foto: Ola Matti Mathisen)